



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Hardanger Energi
Dato: 11.05.21
Klokkeslett: 18.00 – 20.30

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Kåre Olai Solheim
Johannes Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saker til styremøte

- Sak 09/21:** Referat og meldingar
Sak 10/21: Uttale – Høyring vedkomande åting av Rallarvegen
Sak 11/21: Høyring av revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar
Sak 12/21: Uttale – Høyring vedkomande skilt langs Rallarvegen, Finse - Lågheller

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. Kvinnegardslie 451, 3870 Ål
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 09/21: Referat og meldingar

- 2021.01.11-642.1.Fordeling utbytte fellesfiskekort 2020
2021.02.04-001.1.Referat dialogmøte med Hardangervidda villreinforvaltning og ordførarar
2021.02.11-001.1.Referat frå innspillsmøte om skrantesjuka i regi av Mattilsynet og Miljødirektoratet
2021.02.19-001.1.Utkast til mandat arbeidsgruppe - tiltak retta mot villreinbestanden på Hardangervidda
2021.03.02-127 .Revisjonsmelding Ulvik fjellstyre 2020
2021.03.10-652.1.Søknad om fiskeslepp 2021
2021.03.25-372.1.Revisjonsdokument for Eidfjord Nord Reguleringa i Eidfjord- og Ulvik kommunar
2021.03.26-001.5.Høyring på forslag til villreinkvote for Hardangervidda høsten 2021
2021.04.06-434.4.Søknad om landingsløyve med helikopter - Ulvik fjellstyre
2021.04.12-001.6.Ferdsl i Hardangervidda villreinområde - brukarundersøking
2021.04.20-35 .Høyring vedkomande åting av Rallarvegen
2021.04.28-001.1.Anbefaling til LMD og KLD- Mål, strategi og tiltak for håndtering av skrantesjuka i Norge etter positivt funn på Hardangervidda september 2020
2021.04.29-001.5.Melding om vedtak jaktkvote villrein Nordfjella 2021
2021.04.30-001.5.Protokoll kvotevedtak Hardangervidda villreinnemnd 2021

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok meldingane til orientering

Sak 10/21: Uttale – Høyring vedkomande åting av Rallarvegen

Saksdokument:

- Søknad frå Haugastøl Turistsenter AS og Finse 1222 AS om dispensasjon til åting av Rallarvegen innanfor reguleringsplanen for Finse – Lågheller.
- Høyringsskriv frå Ulvik herad vedkomande åting av Rallarvegen

Saksutgreiing:

Ulvik herad har mottatt søknad frå Haugastøl Turistsenter AS og Finse 1222 AS om dispensasjon til åting av Rallarvegen. Søknaden gjeld dispensasjon frå forbodet mot åting i Reguleringsplanen for Finse – Lågheller frå 1. juni med sikte på farbar veg frå 1. juli.

Heradet har tidlegare gitt løyve til åting på Rallarvegen vest av Finse. Løyva har vert gitt som ein tidsavgrensa dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplanen for området Finse - Lågheller. Den siste dispensasjonen gjaldt perioden 2017 – 2019. Det ble ikkje gitt dispensasjon 2020.

Reguleringsplanen ligg inne i Ulvik herad sin planstrategi med planlagt revisjon inneverande år. Men revisjonsarbeidet vert ikkje ferdig til årets sykkelsesong. Dei to største næringsaktørane ved Rallarvegen søkjar difor enno ein gong om dispensasjon frå åteforbodet.

Søkjer meiner at sykling på Rallarvegen bør kunne skje frå byrjinga av juli utan at villreintrekket vert forstyrra. Til åting vart det primært spreidd avart grus/kalk på snøen for å auke den naturlege nedsmeltinga. Det føreligg ein detaljert GPS-rute for rallarvegen og ein del erfaring for kor åting bør leggjast utanfor vegtraseen for å kompensera for sig i snømassane. Åtinga vil i praksis skje med snøscooter / tråkkemaskin som køyrer ut grusen og deretter spreidd på kritiske stader der snøen er djup og ligg lenge. Åtinga mellom Norenut og Lågheller vil i fylje søkjer ta 2-3 dagar.

Norsk Institutt for naturforskning kom i 2013 med en relevant forskningsrapport (NINA rapport 956) som slår fast at opning av Rallarvegen *for ferdsel* frå 1. juni *”ikkje vil ha så stor effekt på villreinen sitt trekk.”*

Med den gode GPS-tracking av villreinflokkane ein har i dag, burde ein kunne gjere ein slik åteoperasjon på tidspunkt der det bevisleg ikkje er villrein i området. Eventuelt avblåse operasjonen dersom situasjonen endrar seg. I samarbeid med SNO vil soleis sjølvve åting ikkje innebere noko forstyrning av villreinen. For at den naturlege nedsmeltinga skal ha noko vesentleg verknad bør åting starte rundt ein månad forut for opning, dvs. rundt månadskifte mai/juni. Dette vil sjølvsagt avhenge av dei reelle snøforholda kvart år, men sidan årets snø ennå ikkje er falt ferdig, vert det søkt om åting frå 1. Juni 2021.

Reguleringsplanen Finse-Lågheller er etablert for å sikre trekkveg for villreinen, men etter CWD i Nordfjella har det i ein periode vore viktig å *hindre* slike trekk. Korleis situasjonen er for 2021 er uvisst. Søkjer vil likevel hevde at omsyn til villreinens trekk i dette området i denne perioden må vegast opp mot og avpassast i høve til to andre viktige omsyn:

Friluftsliv og ferie høyrer saman

Syklinga på Rallarvegen er vel dokumentert av NINA og det er bekrefta at det årlege talet syklistar ligg rundt 25.000. I ferietida er syklinga kvar dag, men typisk tidleg på dagen (før 12) sidan dei fleste på denne strekkinga startar på Finse. Etter skoleferien er syklinga for det meste på laurdag i helgene til midten av september. Rallarvegen er den overlegent mest populære sykkelvegen i landet og er ei oppleving som bringer fjellet nært inn på målgrupper som elles ikkje går i fjellet. Både som aktiv ferie og eit miljøvennleg feriealternativ (tog/sykkel) er Rallarvegen eit for samfunnet positivt val som vi meiner samfunnet burde leggje til rette for. Rallarvegen bør kunne opplevast i heile skoleferien og på den måten spreie trafikken, ikkje berre presse det inn på to hektiske veker i august. Det er og ein god kanaliseringseffekt i ein slik sykkelveg idet få eller ingen går utanfor sjølvvegen. I eit område der store fjellareal allereie er underlagt begrensningar gjennom ulike vernetiltak, bør syklinga på Rallarvegen sjåast som et positivt tiltak. Friluftslivets behov for Rallarvegen bør derfor verta tillagt betydelig vekt.

Næringsinteressene er sårbare

Overnattingsbedriftene på Haugastøl og Finse er heilt avhengige av sommartrafikken for å kunne overleve. Rallar-syklinga er soleis en avgjerande suksessfaktor for om sommarsesongen vert bra. Snøforholda på Rallarvegen er vanskeleg å sjå føre seg og opningstida for sommarsesongen kan ikkje verta bestemt ut frå dette. Det må verta bestemt lenge før og vil i tilfelle der snøen ligger tjukk i juli, eksponere bedrifta for betydelege tap. I ein viss grad kan ein sende gjester med tog til Hallingskeid for å sykle derfrå, men dette vil på sikt undergrave all trafikk i fyrste halvdel av juli.

Næringsbedriftene er vane med å tilpasse seg dei reelle og naturgitte forutsetningane i fjellet. Søkjer meiner høgfjellsstrekninga på Rallarvegen er ei eksotisk oppleving der parti med snø er heilt uproblematisk. Søkjer meiner det er urimeleg at ein ikkje skal kunne gjere eit så vidt avgrensa inngrep som nokon dagars åting, for å kunne få syklinga i gang tidlegast mogleg etter 1. juli.

Referat:

Ulvik fjellstyre undrar seg over at det kvart år vert søkt om dispensasjon for åting/brøyting eller berre åting frå næringsaktørar på Finse eller aust – og vest for Finse. Det vert søkt uavhengig om det er lite eller mykje snø i fjellet. Det er i h.h.t. Reguleringsplanen for Finse – Lågheller forbod mot åting av Rallarvegen vest for Finse.

I fjor vart det og søkt om dispensasjon frå åteforbodet, med det vart ikkje gjeve dispensasjon. Villreinen nytta i fjor større område før, under og etter jakta. Dette reduserer smittetrykk og aukar arealbruken til villreinen. Reinen var i lange periodar sør for Rallarvegen og kunne nytte seg av dei gode lågtliggjande sommarbeitene der.

På Hardangervidda villreinområde har dei no tatt villreinen på alvor med å m.a. legge ned pulkløpet Åsnes Expedition Amundsen, samt at enkelte sentrale trasear mellom hytter ikkje vert kvista.

Ulvik herad skal inneverande år revidere Reguleringsplanen for Finse – Lågheller. Om det for framtida vert ei varig ordning at det opnast for åting/brøyting av Rallarvegen vest for Finse vil dette gå kraftig ut over rekrutteringa av nye reinsjegerar i Ulvik på den delen av statsallmenningen som ligg på Hardangervidda. Alder på jegerstanden blant dei som jaktar rein vert høgare for kvart år så me treng nye unge jegerar i reinsfjellet.

Norge har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen. Dette ansvaret fråskriv me oss med å tillate åting av Rallarvegen.

Vurderingar i høve naturmangfaldslova:

Føremålet med naturmangfaldsloven er at naturen skal takast vare på , ikkje berre gjennom vern av områder, men også gjennom at bruken av naturen skal skje på ein berekraftig måte. Det er viktig at dei miljøretslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 vert vurdert.

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

- I fylje Norsk institutt for naturforskning (NINA) utgjær vegar ein stor negativ effekt, og i enkelte tilfelle ein stor barriere for villreinen. Forstyrning og andre menneskeskapte element like eins.

I NINA – rapport (2013), 956 Nordfjella villreinområde, Konsekvens av planforslag for villrein, friluftsliv og reiseliv konkluderar dei i høve villrein og Rallarvegen: « *Det foregår slik det er i dag en utveksling av rein mellom villreinområdene i Nordfjella og Hardangervidda. Denne utvekslingen foregår vest for Finse (Stor verdi). Øst for Finse har trekket ikkje vært i bruk i løpet av GPS prosjektet. Utveksling av dyr mellom villreinområdene har nasjonal verdi. Det vil si at trekket i dette fokusområde er sårbart for fremtiden*».

§ 9. Føre - var - prinsippet

- Ved å gje løyve til åting av Rallarvegen i 2021, strekninga Finse - Lågheller (Hallingskeid) er fjellstyret redd for at det skal få alvorlege konsekvensar for villreinen på Nordfjella. Åting av Rallarvegen vil gå føre seg på ei tid på året da villreinen nettopp har kalva, og den er særst var for forstyrning.

§ 10. Økosystemtilnærming og samla belastning

- Ulvik fjellstyre har vurdert det slik at den samla belastninga som økosystemet vil verta utsatt for i tiltaket ikkje er av spesiell karakter. Villreinen kan verta påført skade.

§ 11. Kostnadane av miljøtyning skal bærast av tiltakshavar

- Er ikkje vurdert i saka.

§ 12. Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

- Eit eventuelt tiltak går føre seg på snødekt mark med minimale utslepp frå motoriserte køyrety. Støy frå maskinane kan ha innverknad på naturmangfaldet.

Framlegg til vedtak:

På bakgrunn av momenta i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at Ulvik herad skal gje dispensasjon frå føresegnene om åting av Rallarvegen i reguleringsplanen på strekninga Finse – Lågheller (Hallingskeid).

Vedtak:

På bakgrunn av momenta i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at Ulvik herad skal gje dispensasjon frå føresegnene om åting av Rallarvegen i reguleringsplanen på strekninga Finse – Lågheller (Hallingskeid).

Samrøystes

Sak 11/21: Høyring av revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar

Saksdokument:

- Høyring av revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar.
- Revisjonsdokument – Vilårsrevisjon Eidfjord Nord

Saksutgreiing:

På bakgrunn av krav frå Eidfjord kommune, Ulvik kommune, FNF-Hordaland og føringar frå NVE har Statkraft Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulemper ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til

offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

KRAV OM TILTAK OG UTBETRINGERAR

Innlandsfisk

Statkraft har gjennomført prøvafiske og utsetjingar i fleire av dei regulerte magasinane. Basert på kunnskapsbasert forvaltning er fleire utsetjingspålegg falt frå. Statkraft bidreg til å betre forhold for fisk ved å sjå på tiltak som kan auke den naturlege rekrutteringa, eventuelt i kombinasjon med villfiskutsetjingar. Hensikten er heilt eller delvis å erstatte anleggsprodusert setjefisk.

I dag har Statkraft utsetjingspålegg i Langavatn og Grasbotntjørni på h.h.v. 1600 – 2000 1-somreg aure og 80 1-somreg aure.

Ulvik fjellstyre meiner at Statkraft og bør ha utsetjingspålegg i Rundavatn og Floskefonnsvatnet i Ulvik statsallmenning. Fjellstyre tykkjer det er rart at ikkje Statkraft fekk pålegg om utsetjing av desse vatna då Langavatnet og Grasbotntjørni fekk utsetjingspålegg. Eit rimeleg utsetjingspålegg i desse vatna bør være:

- Rundavatn – 400 1-somreg aure alternativt 200 villfisk
- Floskefonnsvatnet – 100 1-somreg aure alternativt 50 villfisk

Friluftsliv

Store delar av Ulvik sin befolkning er friluftsfolk som nyttar Osafjellet til rekreasjon, jakt og fiske. Grunna stor reguleringshøgde i Langavatn, men spesielt i Rundavatn er det store utfordringar med å få satt ut båt her.

Statkraft har laga eit «provisorisk» båtutsett på Langavatnet men dette er ikkje tilfredstillande. Her bør det støypast eit skikkeleg båtutsett som kan nyttast uavhengig om det er lite eller mykje vatn i magasinet.

I Rundavatnet er det gravd ut ei skjering ned mot vatnet som skal fungere som båtutsett. Denne skjeringa er alt for bratt, og er soleis ikkje egna som båtutsett. Her må det og støypast eit båtutsett som kan nyttast uavhengig av reguleringshøgde.

Magasinrestriksjonar

Ulvik fjellstyre ser av tidlegare krav til manøvreringsregelementet at Statkraft meiner at krav til magasinrestriksjonar bør avvisast. Fjellstyre har forståing for at Statkraft ynskjer å etterleve omsynet med konsesjonen, nemleg å produsere strøm når marknaden og kraftsystemet har behov. I dette tilfellet er det ikkje eit krav om store slipp, heller eit ynskje om ikkje å utføre store tappingar i Rundavassmagasinet «over natta». Jegerar, fiskerar og beitebrukarar nyttar båt på vatnet for koma seg lett vint inn i villreinterrenget, for å gjete sau eller inn på andre fiskevatn. Vasstanden kan i løpet av eit døgr falle med over fleire meter som gjer at ein ikkje kjem seg heim att med båten. Ulvik fjellstyre ynskjer at det ikkje vert gjort store reguleringar på kort tid i perioden 1. august -15. september.

Vegen frå kryss ned til driftshytta og opp til Rundavatn

Vegen er i særskild dårlig forfatning og bør opprustast/utbetrast. Strekninga må asfalterast for å hindre store hol og erosjon i vegbana. Dette gjer at det vert mindre behov for vedlikehald i framtida.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre syner til krav om tiltak og utbetringar i punkta ovanfor og meiner at Statkraft må:

- Få årleg utsetjingspålegg av 400 stk 1-somrig aure alternativt 200 villfisk i Rundavatn
- Få årleg utsetjingspålegg av 100 stk 1-somrig aure alternativt 50 villfisk i Floskefonnsvatnet
- Støype skikkeleg båtutsett i Langavatnet og Rundavatnet
- unngå store reguleringar i Rundavatnet på kort tid i perioden 1. august -15. september.
- Ruste opp (asfaltere) vegen mellom kryss ned til driftshytta og opp til Rundavatnet.

Vedtak:

Ulvik fjellstyre syner til krav om tiltak og utbetringar i punkta ovanfor og meiner at Statkraft må:

- Få årleg utsetjingspålegg av 400 stk 1-somrig aure alternativt 200 villfisk i Rundavatn
- Få årleg utsetjingspålegg av 100 stk 1-somrig aure alternativt 50 villfisk i Floskefonnsvatnet
- Støype skikkeleg båtutsett i Langavatnet og Rundavatnet
- unngå store reguleringar i Rundavatnet på kort tid i perioden 1. august -15. september.
- Ruste opp (asfaltere) vegen mellom kryss ned til driftshytta og opp til Rundavatnet.

Samrøystes

Sak 12/21: Uttale – Høyring vedkomande skilt langs Rallarvegen, Finse – Lågheller

Saksdokument:

- Høyringsdokument frå Ulvik herad
- Søknad frå Bane BNOR – Skilting av Rallarvegen
- Formidlingsplan for Rallarvegen
- Forslag for godkjenning av skilting
- Skiltkonsept frå Bane NOR – Skilting av Rallarvegen

Saksutgreiing:

Bane NOR søker om dispensasjon i gjeldande reguleringsplan og løyve til skilting langs Rallarvegen. Det vert søkt om å setje ut 22 skiltsøyler fordelt over i strekning på om lag 5 mil. Det skal og plasserast ut 8 rammer med store skilt på stasjonar og rasteplassar langs ruta.

Referat:

Ulvik fjellstyre registerer at temaet skal først og fremst være kulturminne knytt til Bergensbana, men at det og naturlig å ta med eldre tiders kulturhistorie i området, naturforhold og omsyn en må ta til plante- og dyreliv. Her er det viktig at det vert godt informert om villreinen, beitebruk og bandtvang.

For ikkje å hindre villreinen sitt naturlege trekk over Finsetunnelen må det ikkje setjast opp skilt mellom Norenut og Lågheller.

Pr. i dag finns det allereie mange informasjonsskilt langs Rallarvegen. Ulvik fjellstyre ynskjer svar på om desse vert fjerne når det no kjem opp nye skilt og informasjonstavler.

Framlegg til vedtak:

På bakgrunn av avsnitt 2 i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at det vert sett opp skilt og informasjonstavler melom Norenut og Lågheller. Fjellstyre vil presisere at det på informasjonsskilta er sær viktig å informere om den sårbare villreinen, beitebruk og bandtvang. Dette er eit grunndisponeringstiltak og vedtak er heimla i Fjellova § 12.

Vedtak:

På bakgrunn av avsnitt 2 i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at det vert sett opp skilt og informasjonstavler melom Norenut og Lågheller. Fjellstyre vil presisere at det på informasjonsskilta er sær viktig å informere om den sårbare villreinen, beitebruk og bandtvang. Dette er eit grunndisponeringstiltak og vedtak er heimla i Fjellova § 12.

Samrøystes.